



ÅRSPLAN

Jostedal barnehage
2023 / 2024

**Dette året:
«Treet vårt»**



Innleiing:

I denne årsplanen finn de informasjon om barnehagen sine satsingar og konkrete tiltak innafør ulike område, og i planen er det teke omsyn til idear og innspel frå foreldre. I tillegg til det som står i dette heftet, ligg det informasjon om faste rutinar som t.d. opningstider, dagsrytme, tilsette og plan for overgang barnehage-skule på heimesida vår.

Rammeplanen:

Rammeplan for barnehage skildrar rammer og krav som gjeld alle barnehagar i landet. Det er til dømes tydeleggjort at det skal vere *progresjon* i utfordringar og aktivitetar etter kvart som borna blir eldre, og det er tydeleggjort krav til personalet sine oppgåver i det pedagogiske arbeidet.

Verdigrunnlaget til barnehagen

(frå Rammeplanen):

Alle tilsette skal møte kvart born sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrse og anerkjening. Barnehagen skal fremje demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse.

Satsingsområde

(felles for heile kommunen):

- Psykisk helsefremjande barnehagar
 - Leikemiljø, foreldresamarbeid
 - Sosial kompetanse
- Språkutvikling

LEIK - DEN VIKTIGASTE AKTIVITETEN!

Å leike er *navet* i barnehagedagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gje gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Personalet skal organisere tid, rom og leikemateriale for å inspirere til ulike typar leik. (Rammeplan for barnehagen, s. 20).

I leiken er det barna sjølv som har sett prosessen i gang. Den blir styrt og strukturert av dei sjølv, og god leik er kjenneteikna ved at barna deltek frivillig. Leiken finn stad overalt der barna er. Dei viktigaste kjenneteikna ved leik er *moro, usikkerheit, utfordringar, fleksibilitet* og at *leiken ikkje har noko mål utover leiken sjølv*.



Leikemiljøet:

Korleis det fysiske miljøet rundt barna er, er med på å stimulere til ulike type leik. Personalet jobbar ekstra med leikemateriell og leikemiljøet, og har gjennom pedagogiske fagøktar med STYD («Stolt og Ydmyk») dei siste åra lært om psykisk helse blant barnehagebarn, mellom anna i lys av korleis leik og leikemiljøet er med å påverke. Me har gjennom denne satsinga fått større bevisstheit om korleis romma inviterer til leik, kva for konkrete leiker me tilbyr, og at «undefinerte leiker», dvs ting som kan «vere» ulike ting frå leik til leik, er med på å inkludere fleire i leiken og å gi betre rolleleik for alle.

Grunnlaget er alltid Barns rettar etter FN sin [Barnekonvensjon](#). Til dømes «Alle barn har dei same rettane», «Alle barn har rett til leik, fritid og kvile» og «Alle barn har rett til å bli høyrte».

ÅRETS TEMA

KVA ME GJER

TREET VÅRT

Opplegg gjennom året frå besøkssentra for nasjonalparkane:
www.naturoppdraget.no

- Følgje eit tre gjennom året
- Sjå korleis det endrar seg med årstidene
- Undersøkje og undre oss over livet i og rundt treet
- Turar til treet
- Ta med blad, småkryp og anna heim for å undersøkje
- Sjå på barken
- Sjå på bladene og greinene



TEMA	KVA ME GJER
Fysisk aktivitet og kvile	<ul style="list-style-type: none">• Turar i nærområdet• Kvilestund kvar dag• Bading• Ski og aking• Aktivitet i gymsal, barneyoga
Mat og helse	<ul style="list-style-type: none">• Tilby variert pålegg og lage «sunn mat»• Øver på sjølvstende under måltidet (tilpassa alder)• Smake på ulike matrettar• Lage varmmat - kjøkengrupper 1 gong/veka (ved ordinær bemanning)
Kroppen min	<ul style="list-style-type: none">• Opplegg den eldste gruppa om kropp og grenser• Kompetanseheving personalet om vald og overgrep
Trafikk-tryggleik	<ul style="list-style-type: none">• Tema på foreldremøte om hausten• Øve når me er ute på tur

Tekst, språk og kommunikasjon	TEMA	KVA ME GJER
<p>Frå Rammeplanen: <i>Barnehagen skal bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståing språkkompetanse og eit mangfald av kommunikasjonsformer. Barna skal møte ulike språk, språkformer og dialekter gjennom rim, regler, songar, litteratur og tekstar frå notid og fortid.</i></p>	<p>Språkarbeid: Tverrfagleg bokprosjekt ("dialogisk lesing")</p> <p>Barnehagebibliotek med utlån Låne bøker i skulen sitt bibliotek</p> <p>Bli kjende med og lære rim, regler, musikk, dans og rytme</p> <p>Eventyr og historiar frå gamledagar</p>	<p>Lesing kvar dag, i små grupper. Spontant og organisert i grupper Synge og danse, regler, lytte og leike.</p> <p>Dialogisk lesing: Jobbe strukturert med ei utvald bok. - Fokusord - Lage ei framstilling av boka med ulike Formingsmaterieill - Leike og dramatisere boka.</p> <p>Foreldre kan låne med bøker heim.</p>

TEMA:	KVA ME GJER
Samarbeid med skulen	<ul style="list-style-type: none"> • Språkleik: 4-/5-åringane og 1.klasse • 5.kl les for oss kvar veke (nov-mai) • Dei eldste elevarne er i praksis hos oss 10.45-12.45 fredagar (i periodar) • Teater/konsertar frå Den Kulturelle Skulesekken (DKS) når dei kjem til skulen • Julelunsj med skulen • To eldste kull med SFO (onsdagar ++)
<p>Overgang bhg-skule</p> <p>Eigen plan for kva som er viktig å øve på heime og i barnehagen</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulebesøk november-juni • Språkleik med 1.klasse • Skrivedans • Tur for førskulebarna (om hausten) • Turdag med 1.klasse (juni)



Opningstid: 07.00 - 16.15

Feriestengt: veke 29 og 30

Planleggingsdagar dette barnehageåret:

11. og 14. august 2023

3. november 2023

2. januar 2024

10.mai 2024

Mobiltelefonen til barnehagen: 48 89 17 18

**Gjer vel og gje beskjed så tidleg som mogleg ved
sjukdom, ferie og anna fråvær
- best i Visma Flyt barnehage.**

Heimeside:

www.oppvekst.luster.no/jostedal

Instagram:

www.instagram.no/oppvekstjostedal

Kontakt ass. rektor/styrar Anne Kristin Halveg:
anne.kristin.haugen.halveg@luster.kommune.no

Kontakt rektor/styrar Mette F. Reinertsen:
mette.f.reinertsen@luster.kommune.no / Mobil: 91 71 51 62